

OSMERRA

Informasjonsblad for Osbanens Venner

Nr. 2 - mars 1998



Osbanens Venner - Postboks 178 - 5051 Nesttun

FORENINGEN
OSBANENS VENNER

Innkalling til årsmøte

Du vert med dette kalla inn til årsmøte i foreininga Osbanens Venner. Møtet vil finna stad tysdag 31. mars 1998 kl. 19.00 i møterommet (under gymnastikksalen) på Stend Jordbruksskule. Etter vedtektene har alle betalande medlemmer rett til å taka del på årsmøtet med tale- og røysterett.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av ordstyrar og referent.
3. Årsmelding.
4. Rekneskap.
5. Val av styre, vararepresentantar, revisor og valkomité.
6. Budsjett og arbeidsprogram for 1998.
7. Fastsetjing av kontingent for 1999.

Enkel servering.

Vel møtt!

Helsing styret



3

FORENINGEN
OSBANENS VENNER

Årsmelding Osbanens Venner 1997

Årsmøte og styre

Ordinært årsmøte i Osbanens Venner vart halde 11. mars 1997. Åtte medlemmer var til stades. Møtet gjorde mellom anna vedtak om at kontingenten for 1998 skulle hevast til 100 kroner. Denne auka vart funnen tilrådeleg sidan det var meininga at foreninga skulle senda ut eit medlemsblad til alle medlemene to gonger i året. På den måten vil medlemene få noko meir att for pengane.

Årsmøtet gjorde val på nytt styre etter dei gjeldande vedtektene. Det inneber at formannen vert valt for eitt år av gangen, dei andre styremedlemene for to år av gangen. Varamenn og andre tillitsvalde skal veljast for eitt år av gangen.

Etter årsmøtet har Osbanens Venner hatt desse tillitsvalde:

Formann:	Oddvar Skre
Kasserar:	Hilmar Flaterås
Sekretær:	Per Ivar Tautra
Styremedlemer:	Anders Kåre Engevik Atle Skjerlie
Vararepresentantar:	Paul Martin Kronheim Egil Olav Jakobsen (ny)
Revisor:	Harald Jonassen (ny)
Vara for revisor:	Anne Marie Flaterås (ny)
Valkomité:	Anders Kåre Engevik, Hans Kristian Bukholm, Geirmund Revheim (ny).

Utpå hausten sa Hilmar Flaterås frå seg vervet som kasserar av helsemessige årsaker. Styret har mellombels konstituert vararepresentant Egil Olav Jakobsen som ny kasserar fram til årsmøtet. Det har i 1997 vore halde fem styremøte.

Museet Stend stasjon

Det vart i 1997 halde ope museum på Stend stasjon etter mønster av føregåande år. Opningstidene var dei same som i 1996; frå klokka 11 til 17 annankvar sundag i juni, juli og august. Etter å ha gjennomført dette opplegget i to år ser vi no at det kan vera føremålstenleg å ha andre opningsdagar. Styret vurderer å halda museet stengt i fellesferien. Erfaringa viser nemleg at det i denne tida er vanskeleg å få folk til å stilla som vakter, men det er og få besøkjande i same perioden. I staden kan det vera aktuelt å halda ope kvar sundag i delar av juni og august. Vidare ønskjer vi å endra opningstidene. Seks timar er ein lang dag, og all erfaring så langt viser at det kjem lite folk innom museet dei to siste timane på dagen. Den tida på dagen som er best besøkt, er som oftast dei første par timane. Ideell opningstid i framtida kan difor vera kl. 11-15.

Fredag 6. juni 1997 vart ein merkedag. Denne dagen markerte Postverket sitt 350 års-jubileum. Jubileet vart markert med ein poststafett langs fleire av dei gamle postvegane inn til Bergen. Frå Hordamuseet gjekk det hesteskys med posten opp til Stend stasjon. Her var det stemping av post i postkupeen i den gamle osbanevogna. Etter ein god



FORENINGEN OSBANENS VENNER

halvtimes opphald på Stend gjekk postskyssen vidare med hest ned Rådalen og vidare til Nesttun. Veret var på sitt beste denne dagen, og mange menneske var innom stasjonen og kjøpte frimerke og fekk stempla brev og postkort. I høve jubileet hadde vi to ulike stempel til rådvelde. Det eine var eit datostempel av det slaget som vart nytta den gongen postekspedisjonen på Osbanen var i drift, med påskrifta "Osbanen" og datoen 6.6.1997.

Dette stampelet vart nytta berre på jubileumsdagen, og vart smelta om då dagen var over. Det andre stampelet er eit motivstempel som syner eit Osbane-tog med påskrifta "Nesttun-Osbanen 1894-1935". Dette stampelet har vore nytta gjennom heile sesongen, og frimerke har óg vore å få kjøpt alle opningsdagane. Dette tilbudet vil vi oppretthalda i 1998. Til no har vi ikkje merka noko stor interesse for å kjøpa frimerke og senda postkort frå stasjonen, men vi føler at vi ikkje har vore flinke nok til å informera folk om tilbudet. Derimot kjem det frå filatelistar stendig *tilsendt* store mengder konvoluttar og postkort som skal stemplast med Osbane-motivet. Filatelistane bur ikkje berre i alle kantar av Noreg, men og mange i utlandet. Spesielt ser tyskarar ut til å ha stor interesse for norske poststempel. Osbanens Venner har fått løyve til å oppretta brevhus på Stend stasjon. Kontrakt med Postverket om dette vart underskrive i desember. Brevhuset skal haldast ope i sommarånadene, i museet sine opningstider. Folk skal ha høve til å kjøpa frimerke og senda brev og postkort frå stasjonen. Poststampelet med Osbane-motivet skal nyttast. Brevhuset sitt offisielle namn er "Nesttun-Osbanen Brevhus".


Til postjubileet hadde vi dessutan trykt opp to nye sett postkort. Korta er i sort/kvitt med motiv frå Osbane-tida. Det eine kortet syner anleggslokomotivet "Rotten" og ein gjeng rallarar. Det andre viser stasjonsområdet på Osøyro ("Osøren") ikring århundreskiftet. Det er óg trykt opp *billett*ar til bruk på stasjonen. Dette er av den såkalla Edmonsonske typen, ein type billett som var vanlege på dei fleste jernbanane før i tida. Norsk Jernbaneklubb har teke over NSB sitt gamle billettrykkeri, og frå jernbaneklubben fekk vi trykt billettane for ein låg pris. Billettane, som har påskrifta "Nesttun-Osbanen 1894-1935 - Spesialbillett Museet Stend st.", er meint å vera eit kuriosum for publikum. Mellom effektane som er stilt ut i venterommet på Stend er ei gamal stemplingsmaskin. Med denne er det mogeleg å stempla dato på kvar einskilde billett. Dermed kan folk få eit minne frå stasjonen prega med datoen frå den dagen dei var der. Billettane er dessutan nummererte, og på den måten kan vi og betre halda tal på kor mange som er innom stasjonen. Nytt av året er og ei gjestebok som folk kan skriva namnet sitt i.

Ein skuleklasse frå Smørås barneskule var innom og fekk omvising på føresommaren.

Tilbakemeldingane frå skulen etterpå var positive.

Også i år tok Osbanens Venner del under Kulturdagane i Fana. Vi heldt ope museum på stasjonen søndag 5. oktober. Trass i låg temperatur i lufta var det svært mange som viste si interesse og kom innom stasjonen denne dagen. Det ser ut til at Kulturdagane vil verta eit årleg arrangement, og Osbanens Venner tek gjerne del komande år óg.

Stendig kjem nye menneske innom stasjonen for å sjå seg om. Dette er sjølvsagt ei utvikling vi ser med glede på, men vi registrerer at dei fleste er fanabuar. Dette tyder ikkje at folk frå andre kantar av byen ikkje er interesserte, men diverre heller at dei ikkje har høyrte om museet. Styret vil difor invitera til ein idédugnad: Har nokon av medlemene gode idear til korleis vi kan gjera museet betre kjent for folk utanfor lokalområdet på Fana? Det er dyrt å annonsera i aviser, og som vi skreiv i førre årsmeldinga, går vinnininga fort opp i spinninga.



FORENINGEN

OSBANENS VENNER

Utført arbeid på stasjonen og vogna

I laupet av nokre hektiske laurdagar utpå vårparten vart det utført ein god del påkrevne dugnadsarbeid på stasjonsbygningen og jernbanevogna.

Stasjonsbygningen vart måla så seint som i 1993, men den gamle bordkledningen er tørr og var difor alt no overmoden for eit nytt strok. Mange har lagt merke til at listverket på bygningen etter målinga i vår har fått ein mørkare gulfarge enn det hadde tidlegare. Den smørgule fargen som har vore på listverket dei siste åra, er ikkje den same som var nytta i Osbanen si tid. Den okergule fargen vi no har nytta, ligg langt nærare det originale. Under arbeidet fekk dugnadsgjengen mange positive tilbakemeldingar frå forbipasserande. Mange meinte bygningen no vart penare å sjå til, og nokre eldre fanabuar kunne dessutan melda om at dei kjende att fargane frå gammalt av. Styret ønskjer å retta ein stor takk til alle som var med og tok i eit tak. Ein spesiell takk går til Fana Blikk for utlån av stillas, og til Otto Kronheim for montering og demontering av stillaset.

Diverre rakk vi ikkje måla heile bygningen i 1997. Til våren må austveggen målast. Veggene ut mot plattformen er heller ikkje ferdig.

Ved kjellartrappa er det sett opp eit gjerde for å hindra folk i å falla ned. Trappenedgangen ligg utsett til, og har representert ein viss fare. Hilmar Flaterås var den som utførte arbeidet med gjerdet. I kjellardøra er det sett inn ny lås. (Den gamle var av det slaget som inviterer kven som helst til å bryta seg inn.) Lista under kjellarvindauget var dessutan gjennomroten, og måtte skiftast ut.

Vogna vart måla utvendes for få år sidan. Målinga må ha vore av dårleg kvalitet, for ho skalla no av mange stader. Vogna vart våren 1997 slipt ned for at målinga skulle festa seg betre. Deretter vart det påført to strok med måling på heile vogna. I postkupeen er posthylla måla på nytt. Hylla vart skrapa ned, og deretter vart det teke fargeprøve for at målinga skulle verta så lik det opphavelige som mogeleg. Det vart sett på som viktig at postkupeen skulle framstå i original utføring til postjubileet.

Vidare kan vi nemna at eit nytt klenodium har kome på plass i vogna. Frå Rolf Bremar på Kismul har Osbanens Venner fått ei original parafinlampe som stammar frå ei osbanevogn. På dagar med ope museum heng lykta på sin naturlege plass i postkupeen. Elles ligg ho innelåst i stasjonsbygningen. Etter avtale med givaren skal det ved sidan av lykta hengja eit skilt som fortel kven ho er donert av. Myhre Skilt og Graving skal ha takk for at dei leverte eit ferdig gravert messingskilt utan kostander.

Økonomi

Foreininga har i mange år hatt to bankkonti, ein i Den norske Bank og ein i Fana Sparebank. Styret har kome fram til at det skaper ein del ekstraarbeid å ha to konti. (Storleiken på foreininga talar for maks. *ein* konto!) Kontoen i DnB er difor sletta. Vi minner om kontonummeret i Fana Sparebank for dei som ønskjer å senda frivillige bidrag til foreininga. Om nokon ønskjer å tinga videofilm (pris kr. 190,- pr. stk.) eller postkort (kr. 5,-) kan dette skje ved innsetjing av rett beløp på kontoen; nr. 3414.18.00738

I samband med at Osbanens Venner fekk fornya leigekontrakten for stasjonen med Hordaland Fylke, måtte det og skrivast ny leigekontrakt mellom Osbanens Venner og Anne Bente Totland, som nyttar stasjonsbygningen som kjeramikkverkstad. Kontrakten



FORENINGEN
OSBANENS VENNER

med Totland er fornya for fem år. Samstundes er leiga sett opp frå 600 til 1000 kroner i månaden, med verknad frå og med januar 1998. Auka vart funnen påkreva, sidan leigeprisen har vore uendra heilt sidan 1987.

Medlemstalet er jamt stigande. I 1997 hadde Osbanes Venner 69 betalande medlemmer. Året før var talet på betalande medlemmer 64. Netto tilgang frå 1996: fem medlemmer.

Anna

Styret valde i 1997 å senda ut eit medlemsblad/informasjonsblad til alle medlemene i Osbanens Venner. Føremålet med bladet, som fekk namnet "Osmerra", var å skapa betre kontakt mellom styret og medlemsmassen. Betre kontakt ville kanskje oppmuntra fleire til å gjera ein innsats for foreininga. "Osmerra" kom ut med eitt nummer i 1997. For ei lita foreining vart det relativt store utgifter til trykking og utsending. Mengda av stoff til å presentera i bladet var heller ikkje spesielt stor. Det kan likevel vera aktuelt å senda ut fleire nummer av bladet ved spesielle høve. Styret ønskjer at det komande årsmøtet uttaler seg og tek stilling til bladet sin lagnad.

Til slutt ønskjer styret å takka alle som på ein eller annan måte har hjelpt til med å driva foreininga i 1997. Ein spesiell takk går til dei som var med som vakter eller som tok i eit tak på dugnader. Vi vonar at interessa for den gamle banen ikkje vert mindre i 1998.

Oddvar Skre

Per Ivar Tautra

Anders Kåre Engevik

Atle Skjerlie

Egil Olav Jakobsen

Paul Martin Kronheim



**Osbanens Venner
Regnskap 1997**

INNTEKTER

Kontingent -97	kr 80 x 62	=	kr 4 960.-
Husleie		«	6 000.-
Videosalg		«	1 000.-
Andre salgsinntekter		«	3 860.-
Offentlig tilskudd		«	1 000.-
Diverse		«	<u>608.44</u>
	Sum		kr 17 428.44

Saldo pr. 1/1-97:			
I kassa	kr 102.25		
Den norske Bank	« 7 487.23		
Fana Sparebank	« <u>16 054.21</u>	=	« <u>23 643.69</u>
	Totalsum		kr <u>41 072.13</u>

UTGIFTER

Driftsutgifter			kr 10 537.-
Porto og kopiering	kr 2 251.50		
Alarm og lås	« 3 000.-		
Vedlikehold	« 3 092 50		
Museumsdrift	« 2 193.-		
Kommunale avgifter		«	1 372.-
Annonser		«	276.-
Reisedekning		«	250.-
Trykkingsutgifter		«	6 266.-
Forsikring		«	1 877.68
Diverse		«	<u>2 585.46</u>
	Sum		kr 23 164.14

Saldo pr. 31/12-97:			
I kassa	kr 102.25		
Den norske Bank	« 2 435.53		
Fana Sparebank	« <u>15 370.21</u>	=	« <u>17 907.99</u>
	Totalsum		kr <u>41 072.13</u>

Fana, 16. mars 1998

Egil Olav Jakobsen
kasserer

Osbanens Venner ARBEIDSPROGRAM 1998

Osbanens Venner planlegg følgjande aktiviteter komande år:

1. Stasjonsbygningen skal malast ferdig utvendig.
2. Vinduskarmene på Osbanevogna skal fornyast.
3. Kjellaren skal ryddast, og det skal takast kontakt med jernbanekyndige om å få registrert gjenstandane som ligg der, og kva dei har vore brukt til.
4. Det skal haldast ope hus kvar søndag i dei tre sommarmånadene (juni-aug) utanom fellesferien i tida kl. 11-15, med omvising i vogn, sal og stempling av postkort og visning av Osbane-videoen. I tillegg vil foreningen også i år markera kulturdagane i Fana med fotoutstilling og ope hus på Stend stasjon.
5. Osbanens Venner vil halda fram arbeidet med å registrera foto og gjenstandar med tilknytning til Osbanen, og kven det tilhøyrer eller har tilhørt. For å få kontakt med eigarar, vil foreningen ha utlysingsannonser i Fanaposten og Os- og Fusaposten.
6. Styret vil ta ny kontakt med Hordamuseet om å få overta den nærliggjande tyskarbrakka til vognhall.
7. Foreningen skal gi ut eit informasjonsblad i to nummer (vår og haust). Første nummeret skal innehalda årsmelding, rekneskap, arbeidsprogram og innkalling til årsmøte, andre nummeret skal innehalda oppsummering av sommarens aktiviteter og litt historikk.
8. Osbanens Venner vil marknadsføra seg med annonsering i Fanaposten og ved flygeblad og plakatar. Dessutan vil vi ha ei permanent informasjonsutstilling på McDonald Familierestaurant i Rådalen.
9. Det gode samarbeidet med Norsk Jernbaneklubb Bergen og med Os kommune vil bli vidareført.

Budsjett 1998**INNTEKTER**

Kontingent kr 100 x 75	= kr 7 500
Husleige kr 1 000 x 12	= « 12 000
Salsinntekter	« 4 000
Offentleg tilskot	« 1 000
Sum	kr 24 500

UTGIFTER

Annonser	kr 3 500
Trykking av medlemsblad	« 2 000
Vedlikehald hus og vogn	« 7 500
Porto og kopiering flygeblad	« 2 500
Kommunale avgifter og forsikring	« 3 000
Reparasjon av alarmsystem	« 6 000
Sum	kr 24 500

Osbanens Venner
Postboks 178
5051 Nesttun

Astro sykkel
SPORT & FRITID

Sundtsvei 2, 5050 NESTTUN
Telefon 55 13 14 00 - Telefax 55 13 02 70



TA KONTAKT MED



FANA BLIKK

**KOBBER & BLIKKENSLAGER - FANAVEIEN 39 - 5030 NESTTUN
Tlf: 55 13 85 85 - MOB: 946 28 200**

• Taktekking • Blikk- og ventilasjonsarbeid • Salg av
takstein, renner, snøfangere • Velux takvinduer m.m.

Tlf: 55 13 85 85